

## **Bildeprosjektet – Haram og Eidet omsorgssenter**

Haram omsorgssenter i Brattvåg og Eidet omsorgssenter på Vatneidet har fått flotte gåver frå Brattvåg Rotaryklubb. Etter ein lang prosjektperiode kunne Presidenten i klubben, Audun Klev, saman med initiativtakar og prosjektleiar, Cathrine Lervåg, endeleg overekke i alt 50 bilete med lokale motiv til dei to institusjonane.

Cathrine Lervåg hadde ein periode mor si på Brattvåg omsorgssenter og såg då at korridorar og gangar hadde eit stort potensiale med tanke på utsmykking. Etter å ha tenkt på dette ei stund, tok ho det opp med klubben, og det vart raskt klart at dette måtte vi gjere noko med. Vi gjorde planane kjent for bygdefolket og etter kvart fekk vi inn tett oppunder 300 bildemotiv å velje i.

Det vart vald ut 25 motiv til kvart omsorgssenter og Hatlehols i Brattvåg gjore ein svært god jobb med å produsere dei i rett storleik. Klubbmedlemmane fekk så vere med å ramme dei inn og gjere bileta klare for overlevering etter ein prosjektperiode på 1,5 år.

Reprentantar frå dei to omsorgssentera gav uttrykk for stor takksemd for den flotte gåva på vegne av bebuarar, pårørande og tilsette. Også ordførar Vebjørn Krogsæter var til stades og kom med ros til Brattvåg Rotaryklubb for initiativet og for denause gåve til desse to kommunale institusjonane.

Brattvåg Rotaryklubb vil takke Cathrine Lervåg og prosjektgruppa hennar for eit flott initiativ og god gjennomføring!